



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

Dato:	28.08.2025
Desse møtte:	Rune Hjelmeseter, Lars Edvard, Hildur Larsen Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Richard Stokkenes Lars Severin Reiersen, Eirik Aadland Tappel, Bente Johannesen, Solfrid Habbestad,
Fråvær:	Anne Vierdal, Astrid Furdal
Referent:	Sigrund Breistig

SR 43/25	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker til Eventuelt: 50 års jublant markering. Soknerådet skal vedta liturgisk musikk i gudstenestene.
SR 44/25	Godkjenning av referat frå førre møte. Vedtak: Referat frå førre møtet blei godkjent.

SR 44/25	Gudstenester sidan sist Søndag 10.august: Misjonsgudstjeneste og to barn blei døypt. Tilbakemelding som kom i etterkant var at misjonsprosjektet som me støttar gjerne kunne vore løfta fram. Laurdag 23. og søndag 24. august: Konfirmasjonsgudsteneste. Veldig fin gudsteneste. Obs skrivefeil i programmet. Må ordnast til neste år. Svært fin musikk og song i kyrkja er hovudtilbakemeldingane.
SR 46/25	Utvalgsmøter sidan sist. Fellesrådet Investeringsbudsjett. Robotklipparar og ny tilhengar. Oppussing av kjøkken i Sveio kyrkja og skifte tepper i sakrestiene. Tilsettingar i vår. Frå og med 1.oktober er det 12 tilsette i kyrkjestaben. Manglar kontorplass til alle. Fellesrådet arbeider med økonomi og budsjett med sikte på møte med formannskapet 21. oktober. Kyrkjevertgruppa Ingenting å melde. Det skal vera kyrkjekaffi på kvar gudstenestene framover. Det er ikkje alltid like godt oppmøte i kyrkjevert gruppene. Kunne konfirmantane ha vore involverte i dette. Eirik, Hildur og Bente tek saka vidare. Det kan vera nok å vera to personar tilstades under kvar. Det er ønskeleg å få laga kyrkjevert skilt. Desse kan bestillast på www.bergnavneskilt.no. Sigrund bestiller 10 stk. skilt. Trusopplæringsutvalget Har ikkje hatt møte. Diakoniutvalget Hadde møte 21. august, der diakonimedarbeidar/prosjektleiar Oddrun Jacobsen var med. Ho blir også med vidare. Ho orienterte om arbeidet vidare. Kontakt er etablert med kommunen. Plan for gudstenester på sjukeheimen. Siste andakt er i desember. Ny plan er under utarbeiding. Eirik tar ansvar for ny plan for andaktar på

	omsorgssenteret i samarbeid med Lars Severin og Ragnhild i diakoni utvalget. 50 års markering for konfirmantar. Det er kome innspel på om ein skulle hatt ei feiring for 50 års konfirmantar. Fint om Utval for Kirkelig Undervisning og Læring kan ta innspelet til vidare drøfting. Ny leiar i diakoniutvalet er Bent Rune Sinnes. Sveio sokn har ansvar for ein gudstenestene annan kvar månad. Blomst til dei to ny tilsette, gis av begge sokneråd. Informer Valestrand sokneråd. Høsttakkefest 28. oktober – med presentasjon Bondemarknad/landbruksdag etterpå utanføre på parkeringsplassen.
SR 47/25	Deltaking i aktivitet/festsamvær Rune har laga ei oversikt over ulike aktivitetar kor ein kan fylle inn kven som er med, slik at ein kan fordele dagnadsinnsatsen.
SR 48/25	Konfirmantfest torsdag 4.september Valestrand og Førde lagar til på Soknehuset i forkant, Sveio ryddar etterpå. Oppmøte for Sveio SR klokka 17:30 Bidrag til festen: Ta med eit fat med bakst/kake kvar. (15 kaker i fjor).
SR 49/25	Møteplan for hausten. Torsdag 28. august klokka 17:30 – 19:30 Torsdag 25. september klokka 17:30 – 19:30 Torsdag 20. november klokka 17:30 – 19:30
SR 50/25	Basar på soknehuset søndag 26.oktober i samband med basargudsteneste. Basarkomité: Soknerådet utnemner medlemene i Utval for kyrkjeleg undervisning og læring til å være i basarkomiteen. Utvalet tek kontakt med ny leiar for trusopplæring Sissel Fjellsbø. Hildur Larsen sel lodd på butikken.
SR 51//25	Budsjettrapportering per 2. kvartal 2025 Leiar hadde ein gjennomgang av budsjett og rekneskap. Det er økonomiske rammer for at soknerådet kan støtte konfirmasjonsarbeid, eller gjennomføre andre aktivitetar.
SR 52/25	Eventuelt: Gjennomgong av gudstenesteplan for 25/26 Soknerådet er førespurt om å koordinering klokkartenesta: Soknerådet ser denne oppgåva som ei administrativ oppgåve tilhøyrande kyrkjekontoret.

	Offerliste: Offerliste som i fjor. Innspel om sette inn MAP Mission Aviation Fellowship. Liturgisk musikk: Fest serie på festdagar i kyrkja. Typisk 1. juledag, 1. påskedag. Etc. Når ny organist startar 1.oktober, vil det bli danna eit nytt gudstenesteutval som vil jobbe med liturgien. I neste soknerådsmøte vil det bli satt eit gudstenesteutval.
SR 53/25	Møtekritikk: Gode lappar 😊